



ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS
Torgbakken 9
5411 STORD

Saksbehandlar, innvalstelefon
Fredrik Arnesen, 5557 2155

Uttale - Oppstart - Reguleringsplan - Kvinnherad - Røysaneset industribase - Høylandsbygd- 202/140 mfl. Kvinnherad Plan-ID 20230002

Vi viser til brev frå ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS av 05.03.2024. Saka gjeld oppstart av arbeid med detaljregulering for Røysaneset industribase.

Hovudformålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for næring i form av maritim industri. Det har vore aktiv industridrift på området sidan 1970-talet. Det er planar om å vidareføre dagens aktivitet på området, samt utvide og foredle anlegga og aktiviteten.

Det er vurdert at planarbeidet utløyser krav om konsekvensutgreiing og planprogram.



Figur 2 Skisse over mogeleg utvikling av området. Kjelde: Proled



Statsforvaltaren sine merknader

I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser, jamfør plan- og bygningslova § 1-8.

For Statsforvaltaren er det såleis viktig at ein i planlegginga varetek viktige statlege omsyn. Vi vil særleg peike på følgjande tema knytt til planforslaget:

Konsekvensutgreiing

Det er positivt at ein vil nytte Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 som metode for konsekvensutgreiinga.

Naturmangfald

Det er registrert ei rekke arter av nasjonal forvaltningsinteresse tett på planområdet. Det er vidare registrert eit blautbotnsområde i strandsona av lokalt viktig verdi aust for planområdet (<https://faktaark.naturbase.no/?id=BM00058180>). Nord for planområdet er det registrert eit lokalt viktig gytefelt for torsk, og aust for planområdet er eit registrert oppvekst og beiteområde (Høylandssundet nord), jamfør data frå Fiskeridirektoratet.

Naturen med det biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfaldet, og økologiske prosessar skal takast vare på gjennom berekraftig bruk og vern, jf. naturmangfaldlova (nml) § 1. Prinsippa i nml. §§ 8 til 12 om kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning, skal leggjast til grunn for arealplanlegginga, jf. nml. § 7. Førekost av artar og naturtypar skal takast vare på i levedyktige førekomst i naturlege utbreiingsområde.

Landskap

Reguleringsplanar skal ta vare på kvalitetar i landskapet og verne om verdifulle landskap, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 3-1 første ledd bokstav b. Dette er eit særleg viktig omsyn i 100-metersbelte til sjø. Det er viktig at omsyn til landskapsverknader særleg vektleggjast i planforslaget.

Barn og unge

Det følgjer mellom anna av rikspolitisk retningsline for barn og unge og rundskriv T-2/08 at kommunen skal vurdere konsekvensar for barn og unge i all planlegging. Når det planleggjast for areal der barn og unge skal ferdast må det mellom anna leggjast til rette for trygge vegar for barn og unge. Det er bustader både langs Slettanesvegen og Røysanesvegen der barn ferdast. Vi vil i denne samanheng vise til rettleiar om barn og unge i plan og byggjesak (KMD 2020):

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/veilederom-barn-og-unge-i-plan-og-byggesak/id2772463/>.

Friluftsliv

Det er registrert svært viktige friluftslivsområder i planområdet: Slettaneset (<https://faktaark.naturbase.no/?id=FK00010656>) som overlapper med Slettaneset-Høylandsbygd som er eit Statleg sikra Svært viktig friluftslivsområde friluftslivsområde (<https://faktaark.naturbase.no/?id=FS00001581>). Friluftsområda og deira funksjon må sikrast i planforslaget.

Støy

Det kjem fram frå dokumenta at planarbeidet skal utgreie støytilhøva i anleggs- og driftsfase, og skal sikre tilstrekkeleg avstand mellom nye verksemdar og busetnad, samt legge føringar for næringsaktiviteten som tek i vare eksisterande busetnad. Det skal gjennomførast støyvurderingar som del av planarbeidet. Dette er naudsynt.



Planen må legge *Retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegging* (T-1442/2021) til grunn. Denne gir retningslinjer for grenser for støy frå mellom anna næringsverksemdar. Det må gjerast greie for samla støybelastning frå heile næringsområdet og eventuelle verknader dette har på nærliggande bustader. Retningslinja er rettleiande, ikkje rettsleg bindande. I planer der støy er tema må ein ha føresegner om støy (støygrenser, ev. driftstider og ev. nødvendige tiltak for å redusere støy) i samsvar med det "slingringsrommet" som er gjeve i T-1442. Desse føresegnene blir då juridisk bindande for planen. Folkehelse og støy heng tett saman, og støyverknader industriområdet vil ha på omgjevnadene må vere kjent og må vere forsvarlege. Støyplager kan føre til mistrivnad, dårleg søvn og dårleg helse. Uforstyrta søvn er ein føresetnad for god fysiologisk og mental helse. Det må difor være tydelege rammer for støy frå næringsområdet, og dette må sikrast i føresegna Støy frå næringsområdet kan òg ha verknader inn i friluftslivsområda. Planområdet grenser òg til eit kartlagt svært viktig friluftslivsområde. Jamfør (T-1442/2021 frå Klima- og miljødepartementet bør det i natur- og rekreasjonsområde vere føresegn som angir avbøtande tiltak for å ivareta lydmiljø og/eller redusere støynivå i desse områda.

Jordvern

Areal langs kommunal veg og fylkesveg er klassifisert som fulldyrka jord som vert nytta til grasproduksjon. Ein del av den dyrka marka langs kommunalvegen vil verta omdisponert til samferdselsføre mål i planen. Med utgangspunkt i AR5-kart skal omfang og verknad av omdisponering utgreiast og avbøtande tiltak skal takast inn i planforslaget.

Nedbygging av dyrka mark er uheldig. Omsynet til jordvern har vorte innskjerpa dei seinare åra, og i 2023 vedtok Stortinget ny nasjonal jordvernstrategi med et innskjerpa jordvernmål. Ny målsetting er at omdisponering av dyrka jord ikkje skal overstige 2000 daa per år, og at dette skal nås innan 2030. Det er kommunane sitt ansvar å nå dette målet. Ein bør difor i planen forsøke å bevare dyrka mark i størst mogleg grad.

ROS-analyse

Kommunane skal mellom anna fremje samfunnstryggleik i planlegginga si. Plan- og bygningslova § 4-3 stiller difor krav om ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til oppfølging av avdekt risiko og sårbarheit, m.a. gjennom bruk av omsynssoner i plankartet med tilhøyrande krav i planføresegnene. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har betydning for om arealet er eigna til utbygging eller ikkje, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Vi legg til elles grunn at planarbeidet tek omsyn til relevante statlege og regionale rammer og føringar.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Fredrik Arnesen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:
Kvinnherad kommune

Rosendalsvegen 10

5470

ROSENDAL